



KASTE STEIN I VATN



KASTE STEIN I VATN

Hensikt

Gjennom aktiviteten får barna oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lovar. Ein får høve til å lære barn at store steinar gjev større rørsle i vatnet enn små steinar. Vidare vil aktiviteten øve på kast.

Utstyr

Steinar

Forklaring

1. La barna stå ved vasskanten/sjøkanten og kaste små og store steinar i vatnet. Snakk med barna om kva dei gjer og kva dei ser.
2. Dei vil oppleve at store steinar gjev stort plask og store bølgjer, medan dei små steinane gjev små ringar i vatnet. Dei vil også oppleve at dei små steinane er lettare å kaste langt.

Tips

- La barna få sleppe ein stor Stein i ei bøtte med vatn og sjå kor mykje vatn som då sprutar over. La deretter barna sleppe ned ein liten Stein. Få barna til å reflektere over forskjellen.
- Hugs god avstand mellom barna når dei kastar Stein då ikkje alle barn greier å beregne når dei skal sleppe steinen i kasterørsla.